

# Eksamen

28. mai 2018

FOT 2001

Helsefremjande arbeid/ Helsefremmende arbeid

**Programområde:** Fotterapi og ortopediteknikk

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	Hvis du bruker kjelder i svaret ditt, skal desse alltid først opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.  Du skal oppgi forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Viss du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	I denne oppgåva blir det ved sensurering lagt vekt på :  Under middels nivå: Eleven må vise kunnskapar utover det å kunne skrive avskrift frå bøker og notat. Eleven skal kunne fortelje og gi att med eigne ord noko av essensen i fagstoffet og ha noko forståing for faget.  Middels nivå: Eleven skal ha gode kunnskapar om fagstoffet og kunne gjere greie for korleis det kan flettast i kvarandre og ha ei heilskapleg forståing for faget.  Over middels nivå: Eleven skal ha solide fagkunnskapar og kunne drøfte problemstillingar. Eleven skal kunne vurdere, vere kvalitetsbevisst og opptre på ein profesjonell måte som viser at dei er helsearbeidarar.
<b>Andre opplysninger</b>	Alle oppgåvene skal gjerast. Avskrift vert ikkje løna. Du kan løyse oppgaven i forhold til eige yrkesval.

## Oppgåve 1

Når du arbeider som foterapeut eller ortopediteknikar, vil du møte mange ulike sjukdommar som vil ha innverknad på arbeidet ditt. Ei av gruppene er dei revmatiske lidingane. Dette er ein «stor sekk» med mange ulike diagnosar i.

I denne oppgåva skal du tenkje deg at du arbeider på eit sjukehus som er spesialistar på desse lidingane/sjukdommane. Du er så heldig å få arbeide i et tverrfagleg team kor alle har si rolle i forhold til pasienten. Oppgåva di er å ivareta og leggje til rette for bevegelse og aktivitet, med fokus på underekstremitetane.

- a) Fortel om tre av sjukdommane innanfor denne sjukdomsgruppa du mest sannsynleg vil møte på i praksisen din.
- b) Vurder desse opp mot korleis gangavviklinga ville endrast og påverke aktivitetsnivået.
- c) Vurder kva for undersøkingsmetodar du ville utført for å gjere det rette vala i forhold til å hjelpe pasientane dine.

## Oppgåve 2

Nyfødde barn i Noreg blir nøye undersøkt av lege rett etter fødselen for å sjå om barnet har ein medfødd fotdeformitet. I nokon tilfelle vil det bli sett i verk behandling slik at ein minskar skadeomfang og problem som kan bli hemmande for personen sin bevegelse vidare i livet.

Andre deformitetar kan utviklast seinare i livet av andre årsaker. Derfor snakkar vi om medfødde eller erverva fotdeformitetar.

I den normale foten skjer det ofte endring i forbindelse med knoklar og ledd. Ein knokkel som er ut av stilling, kan gi store ringverknadar for personen sin funksjon og bevegelsesevne, ofte med store smerter.

For å finne forandringar, må du i yrket ditt nytte ulike analyse- og undersøkingsmetodar som er etterprøvbare. Samtidig må yrkesutøveren ha god kunnskap om anatomi og bevegelse.

- a) Du finn ut at ein av pasientane dine har ein Pes cavus og ein Pes plano transversus. Fortel om desse to deformitetane, og gjer greie for dei analysar/undersøkingar/føringstestar du ville nytte.
- b) Vurder korleis desse diagnosane vil ha innverknad på pasienten sitt aktivitetsnivå.

## Oppgave 3

I arbeid med menneske vil vi kunne komme i kontakt med smitte som er utvikla frå ulike mikroorganismar.

Det er derfor klare reglar for korleis ein skal avgrense eller stoppe eventuelle mikroorganismar ein ikkje ønsker kontakt med, spesielt patologiske mikroorganismar.

- a) Fortell om kva for mikroorganismar vi må beskytte oss for og kvifor.
- b) Gjer greie for korleis mikroorganismar vert bryte ned.
- c) Fortel om viktigheita av god handhygiene.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>I denne oppgaven blir det ved sensurering lagt vekt på:</p> <p>Under middels nivå: Eleven må vise kunnskaper utover det å kunne skrive avskrift fra bøker og notater. Eleven skal kunne fortelle og gjengi med egne ord noe av essensen i fagstoffet og ha noe forståelse for faget.</p> <p>Middels nivå: Eleven skal ha gode kunnskaper om fagstoffet og kunne gjøre rede for hvordan det kan flettes i hverandre og ha en helhetlig forståelse for faget.</p> <p>Over middels nivå: Eleven skal ha solide fagkunnskaper og kunne drøfte problemstillinger. Eleven skal kunne vurdere, være kvalitetsbevisst og opptre på en profesjonell måte som viser at de er helsearbeidere</p>
<b>Andre opplysninger</b>	Alle oppgavene skal besvares. Avskrift belønnes ikke. Du kan løse oppgaven i forhold til eget yrkesvalg.

## Oppgave 1

Når du arbeider som foterapeut eller ortopeditekniker, vil du møte mange ulike sykdommer som vil ha innvirkning på ditt arbeid. En av gruppene er de revmatiske lidelsene. Dette er en «stor sekk» med mange ulike diagnoser i.

I denne oppgaven skal du tenke deg at du arbeider på et sykehus som er spesialister på disse lidelsene/sykdommene. Du er så heldig å få arbeide i et tverrfaglig team hvor alle har sin rolle i forhold til pasienten. Din oppgave er å ivareta og legge til rette for bevegelse og aktivitet, med fokus på underekstremitetene.

- a) Fortell om tre av sykdommene innenfor denne sykdomsgruppen du mest sannsynlig vil møte på i praksisen din.
- b) Vurder disse opp mot hvordan gangavviklingen ville endres og påvirke aktivitetsnivået.
- c) Vurder hvilke undersøkelsesmetoder du ville utført for å gjøre de rette valgene i forhold til å hjelpe pasientene dine.

## Oppgave 2

Nyfødte barn i Norge blir nøye undersøkt av lege rett etter fødselen for å se om barnet har en medfødt fotdeformitet. I noen tilfeller vil det bli satt i verk behandling, slik at man minsker skadeomfang og problemer som kan bli hemmende for personens bevegelse videre i livet.

Andre deformiteter kan utvikles senere i livet av andre årsaker. Derfor snakker vi om medfødte eller ervervede fotdeformiteter.

I den normale foten skjer det ofte endring i forbindelse med knokler og ledd. En knokkel som er ut av stilling, kan gi store ringvirkninger for personens funksjon og bevegelsesevne, ofte med store smerter.

For å finne forandringer, må du i ditt yrke benytte ulike analyse- og undersøkelsesmetoder som er etterprøvbare. Samtidig må yrkesutøveren ha god kunnskap om anatomi og bevegelse.


- a) Du finner ut at en av dine pasienter har en Pes cavus og en Pes plano transversus. Fortell om disse to deformitetene, og gjør rede for de analyser/undersøkelser/føringstester du ville benytte.
- b) Vurder hvordan disse diagnosene vil ha innvirkning på pasientens aktivitetsnivå.

### Oppgave 3

I arbeid med mennesker vil vi kunne komme i kontakt med smitte som er utviklet fra ulike mikroorganismer.

Det er derfor klare regler for hvordan man skal begrense eller stoppe eventuelle mikroorganismer man ikke ønsker kontakt med, spesielt patologiske mikroorganismer.

- a) Fortell om hvilke mikroorganismer vi må beskytte oss for og hvorfor.
- b) Gjør rede for hvordan mikroorganismer brytes ned.
- c) Fortell om viktigheten av god håndhygiene.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)